

Oppsummering frå hyttemøte 09.10.21:

Tilstade fysisk: ca. 50 stk

Tilstade digitalt: ca 65 stk

Innleiarar:

Ordførar Heidi Granli – Velkommen, fakta, kommunale tenester og aktiviteter for hyttegoldingen

Kommunedirektør Hege Mørk – Eigedomsskatt, retakstering 2020.

Arealplanleggar i Gol kommune avd. samfunn og utvikling Sander Lilleslett – kommuneplanens arealdel, kommunedelplan for naturmangfald

Hallingdal Renovasjon v/Helge Svarstad – Informasjon om renovasjonsselskapet i Hallingdal, kommunale renovasjonsløysingar i Gol og returpunkt på Golsfjellet

Visit Gol v/Helge Svarstad – Informasjon om destinasjonsselskapet, turistkontorets arbeid og aktiviteter

Gol Utmarkslag v/ Svein Solhjell – Informasjon om arbeidet med løyper sumar og vinter samt samarbeidet på Golsfjellet, Nystølsfjellet og Søråsen. Utvikling av nye løyper og anlegg.

Innspel frå hyttegolingane:

- Kommentar på reduksjonen i løypetilskotet frå kommunen og slik sett for lite auke frå sett opp imot auken som har kome i privat løypeavgift. Sjå PP-presentasjon for informasjon om utviklingen i tilskot til løypekøyring frå Gol kommune.
- Spørsmål om markagrense og andre grenser som er relevante for fremtidig utbygging av Golsfjellet. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.
- Spørsmål om framtidig returpunkt på Skagahøgdi. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.
- Kommentar frå innleiarane; i revideringa av ny kommuneplan (arealdel) ligg det i forslaget som er 1 gong behandla og vøre ute på høyring av kommunen ynskjer å legge til rette for busetting på hytta etter krav. Denne planen er ikkje endeleg godkjent.
- Spørsmål om eventuel bompassering til nytt returpunkt som er flytta frå utsida av vegbom Hallingen/Storefjellkrysset til innanfor vegbom. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.
- Kommentar om at ved det nye returpunktet på Golsfjellet var det allereie opplevd at molokløysinga for papir var fullt. Det kom då kommentarar om det er dimensjonert rett eller om frekvensen på henting bør aukast. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.
- Det kom spørsmål om moglegheiter for levering av plast på Golsfjellet eventuell framtidig løysing for dette. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.

- Det kom ein kommentar om at ein håpar at det kameraet som er hengt opp på det nye returpunktet får ein forebyggande effekt ift at folk ikkje sett att søppel utanfor på returpunkt (møblar, kvite varer mm.)

- Spørsmål om framtidig løysing av parkeringsmoglegheiter på Vasskanten. Svar har kome frå ansvarleg driftar: *«Vi er opptatt av at Vasskanten skal være et positivt innslag i destinasjonen Golsfjellet på alle måter. Det har nok vært ekstra stor trafikk der siden det har vært gratis parkering i oppstarten. Vi var enige om at dette var riktig ift introduksjon av rekreasjonsplassen. Vi ser at mange har valgt å parkere ved Oset båthavn/Vasskanten i stedet for eksempel på Oset hvor det koster kr 50,-. Fom neste sesong så vil det koste kr 50,- å parkere på de opparbeidede parkeringsplassene, og vi tror det vil redusere trafikken da vi ser at mange dagsturister parkerer, uten at det henger sammen med besøk i Oset båthavn/Vasskanten. Vi kan også merke at det er parkering forbudt langt veien ellers, i tillegg til at det stort sett er ledig kapasitet ved Oset HH. Med gjestfri hilsen Gudrun Hesla, hotellvertinne/eier»*

- Det kom spørsmål om utviklingen av behovet for preparering når det gjeld skianlegg (alpint) og skiløyper er i motsetning/ går på bekostning av kvarandre. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.

- Kommentar om kva for tidsintervall og tidsfrist løypekøyninga nyttar. Spørsmålet vart besvart i møtet, sjå sendinga av møtet på gol.kommunetv.no.

- Spørsmål om planar for fiberutbygging, dette vart diverre ikkje besvart. Det er fleire aktørar som er aktuelle for utbygging. Kommunen har ikkje oversikt over kva for områder som er bygd ut og ikkje då dette er eit privat anliggende mellom den enkelte hyttegoling, hyttefeltet og ein privat/kommersiell aktør.

- Ynskje om å sjå kart over ny heistrase for tilknytningsheis mellom skianlegga i Bualie og på Storefjell. Sjå vedlegg med oversiktsbilde med ca. plassering av heistraseer. *«Sommerstid vil ikke master være til hinder for evt stier den måtte krysse. Vinterstid blir det tatt hensyn til evt kryssing av skiløyper.»*

- Kommentar om eit arbeid knytt til Rustbekken der det har vore befaring ift om det må gjerast tiltak. Kommunen tek tak i dette no i etterkant.

Innspela som kom blir tekne vidare til relevante aktørar.

Neste års møte planleggjast å gjennomførast ei stan på Golsfjellet.

Takk for møtet!

I etterkant av årets møte, den 1/7.22 kom det ein e-post til Gol kommune som uttrykte at det var spesielt to punkt som var savna under «Innspel frå hyttegolingane».

1. Ein opplever det som problematisk/utfordrane at det går stofe med opptil 40 dyr i utmark. Dette gjer til at huttegolingaer og turistar ikkje tør å bruke eksisterande turmoglegheiter.
2. Det har kome brev til hyttegolingar om at det kun er grunneigarar som har lov til å bruke båt med motor til fiske i Tisleiafjorden, men at ein kan leige båt med motor på Oset. Det blir peika på at det ikkje fins slike restriksjonar i dei delane av Tisleiafjorden som ligg i Hemsedal eller i Vestre Slidre.